

Arkivnr: 2019/1947-2

Saksbehandlar: Solveig Lohne Rongved, David Aasen Sandved, Heidi Bjønnes Larsen, Sveinung Klyve

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		19.03.2019
Fylkesutvalet		28.03.2019

Høyring av forskrift om regionale miljøtilskot i jordbruket, Vestland - Hordaland fylkeskommune**Samandrag**

Regionale miljøtilskot er ei tilskotsordning som vert forvalta av Fylkesmannembetet. Kva tiltak det kan gjevast tilskot for vert avgjort ut i frå regionale miljøprogram. Fylkesmannen i Vestland har utarbeidd eit nytt regionalt miljøprogram for Hordland og Sogn og Fjordane for perioden 2019-2022. Regionalt Miljøprogram er både eit strategidokument og inneheld òg dei regionale miljøtilskota. Det er framlegg til forskrift for regionale miljøtilskot i jordbruket, Vestland som no er på høyring. Fylkesrådmannen har òg kommentert strategidokumentet *Regionalt Miljøprogram for Vestland for perioden 2019-2022* ettersom dette er eit viktig bakgrunnsdokument.

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet er positivt til arbeidet som er gjort med revisjon av regionalt miljøprogram og måten fylkeskommunen har vore involvert i arbeidet.
2. Fylkesutvalet ber om at det vert opna for tilskot til skjøtsel av steingardar og bakkemurar
3. Fylkesutvalet vil kommentera at dersom tilskot til § 13 *Drift av støl* skal få positive ringverknader for kulturlandskapet må stølsdrifta skje gjennom beite.
4. Fylkesutvalet ber om at ordlyden i §14 i forskrifta vert endra slik at det vert tydeleggjort at
 - a) Det skal gjerast skjøtsel av både sjølve kulturminnet og sikringssona
 - b) Skjøtsel skal gjerast i tråd med gjeldande skjøtelselråd
5. Fylkesutvalet ber om at følgande punkt vert lagt til i skjøtelselråda for automatisk freda kulturminne i «Regionalt miljøprogram for Vestland 2019-2022» kap 4.5.2:
 - Kulturminnemynda kan stilla vilkår om skjøtelselplan etter kulturminnelova dersom dette er vurdert som naudsynt for å sikra at skjøtsel ikkje vil skada kulturminneverdiane.
6. Fylkesutvalet ber om at regional kulturminnemynde vert involvert i arbeidet med utforminga av rettleiar og formidling av RMP til brukarar, for å sikra at informasjon om skjøtelselråd for § 14 vert gjort kjent for søkjar før arbeidet vert gjennomført.

7. Fylkesutvalet ber om at Askeladden-ID vert inkludert i søknadsskjema for å sikra at kulturminnevernet sine ansvarsområde vert ivareteke ved tildeling av tilskot.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Forskrift om regionale miljøtilskot i jordbruket, Vestland
- 2 Regionalt miljøprogram for Vestland 2019-2022
- 3 Fastsettelse av instruks for regionale miljøtilskudd

Fylkesrådmannen, 26.02.2019

Regionalt Miljøprogram

Regionale Miljøprogram vart etablert i 2005 og er finansiert over jordbruksavtalen. Miljøutfordringar og produksjonshøve varierer mellom fylka, og regionale miljøprogram kan betre definera utfordringar og utforma verkemiddel enn mål og ordningar som gjeld heile landet. Dei fylkesvise programma har vorte rullert kvart fjerde år. Miljøprogramma skal òg gje føringar for dei kommunale tiltaksstrategiane for spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) og for klima- og miljømidla. Den overordna målsetjinga med miljøprogramma er å auka målrettinga av miljøarbeidet i landbruket og gjera den samla miljøinnsatsen i landbruket meir synleg.

Dei regionale miljøtiltaka er forankra i nasjonalt miljøprogram, som er eit rammeverk for jordbruket sine verkemiddel på miljøområdet. I november 2018 vedtok Landbruksdirektoratet ein nasjonal instruks som skal gjelde for fylkesmannen si utforming av dei regionale forskriftene, og instruksjonen set vilkår for kvart tiltak.

Regionalt miljøprogram for Vestland 2019-2022 er utarbeidd i fellesskap mellom fylkesmennene i Hordaland og Sogn og Fjordane, no Fylkesmannen i Vestland. Programmet vil gjelda for Hordaland og Sogn og Fjordane i 2019, og deretter for Vestland etter samanslåinga i 2020.

Miljøprogrammet er utarbeidd i samarbeid med programmet si referansegruppe; Miljø- og kulturlandskapsgruppa i Vestland. Fylkesmannen har ansvar for forvaltninga og oppfølginga av programmet. Miljø- og kulturlandskapsgruppa har ein rådgjevande funksjon inn mot fylkesmannen sitt arbeid innan miljø- og kulturlandskap. Hordaland fylkeskommune er representert i Miljø- og kulturlandskapsgruppa i høve til kulturminne og vassmiljø, ved høvesvis Fylkeskonservatoren og Klima- og naturressursseksjonen.

Framlegg til innstilling:

1. Fylkesutvalet er positivt til arbeidet som er gjort med revisjon av regionalt miljøprogram og måten fylkeskommunen har vore involvert i arbeidet.

Kulturminne og kulturmiljø - tiltaksklassar

Den nasjonale instruksjonen inneheld ei fullstendig liste over moglege tilskotsordningar som kan gå inn i dei regionale miljøprogramma. Fylka skal definera eigne miljøutfordringar med tilhøyrande strategiar. På grunnlag av dette skal fylka velje tiltak til sitt regionale miljøprogram frå den nasjonale instruksjonen. Målsetjinga er å gjera miljøinnsatsinga i fylket mest mogleg målretta.

I den nasjonale instruksjonen ligg følgjande moglege tilskotsordningar i Miljøtema kulturminne og kulturmiljø:

- Drift av seter
- Besøksseter
- Skjøtsel av automatisk freda kulturminne
- Skjøtsel av enkeltståande automatisk freda kulturminne
- Skjøtsel av [steingjerder, bakkemurar, trekker og alléer]
- Skjøtsel av nyare tids rydningsrøyser
- Skjøtsel av kulturhistoriske område

For Vestland har fylkesmannen valt ut tre av desse tiltaka; § 13 Drift av seter og § 14 Skjøtsel av automatisk freda kulturminne i forskrifta. §14 dekkjer både automatisk freda kulturminne og enkeltståande automatisk freda kulturminne.

Alle tiltak knytt til skjøtsel av kulturminne frå både eldre og nyare tid og kulturhistoriske område er viktige for å synleggjera tidsdjupna i kulturlandskapet. Tilskot til skjøtsel av automatisk freda kulturminne er avgjerande for å sikra desse kulturminna i landskapet. Dei har ingen funksjon i dag og medfører ofte ekstra arbeid for brukar. Utan moglegheit til å søkja tilskot til skjøtsel av desse kulturminna vil det vera stor fare for at slike minne gror til og vert liggjande som overgrodde holmar i landskapet.

Nyare tids kulturminne i landskapet er viktige element som viser tidsdjupna og heilskapen i eit område. Særleg skjøtsel av steingjerder og bakkemurar er viktig på Vestlandet, då dette er eit karakteristisk element ved det vestnorske jordbrukslandskapet. Dei inngår gjerne som del av heilskapelege kulturmiljø med andre kulturminne. Det er steingardar og bakkemurar som er dei mest synlege elementa i det nære kulturlandskapet som folk lever og bur i. Desse kulturminna har eit svakare vern enn det som er automatisk freda, noko som gjer det viktig å motivera brunkar/drivar til å ta vare på dei. Berre eit fåtal av desse elementa har ein funksjon i dag, og dei er i fare for å rasa saman, gro til eller verte fjerna. Det har tidlegare vore mogleg å søkja om tilskot til skjøtsel av bakkemurar og steingarar i både Hordaland og Sogn og Fjordane. Fylkesrådmannen ser det som risikabelt å fjerna dette tilskotet, både av omsyn til dei kulturminna som tidlegare har vorte halde i hevd gjennom tilskotet og av omsyn til den signaleffekta dette har i høve til viktigheita til desse kulturminna. Det er vanskelegare å ta vare på ein steingard eller bakkemur der forfallet er komme langt, og ein kan ikkje venta same effekt som før ved å ta inn att moglegheita for tilskot ved ei seinare rullering av miljøprogrammet. Det er viktig å oppretthalda eit fokus på temaet over tid for å få ei god effekt av tilskot.

Det er positivt at moglegheita til å søkja tilskot til automatisk freda kulturminne og drift av støl vert oppretthalde. Fylkesrådmannen ser det som ein vesentleg mangel i framlegget at kulturlandskapselement frå nyare tid ikkje er tatt med som tiltak som gjev grunnlag for søknad.

Framlegg til innstilling:

2. Fylkesutvalet ber om at det vert opna for tilskot til skjøtsel av steingardar og bakkemurar.

§ 13 Drift av støl

Stølsdrift og utmarksbeite er viktig for å halda kulturlandskapet i fjellet ope og for å ivareta kulturminna her og hindra attgroing. Det er svært positivt at stølsdrift er eit satsingsområde. I strategidokumentet er det vist til dei positive konsekvensane av beite, og stølsdrift er definert som «mjølkeproduksjon basert på utmarksbeite». Fylkesrådmannen vil likevel kommentera at det tilsynelatande ikkje er knytt vilkår til at drifta skal gjerast gjennom beite, korkje gjennom skjøtelsråd i strategidokumentet «Regionalt miljøprogram for Vestland» eller i forskrifta.

Framlegg til innstilling:

3. Fylkesutvalet vil kommentera at dersom tilskot til § 13 Drift av støl skal få positive ringverknader for kulturlandskapet må stølsdrifta skje gjennom beite.

§ 14 Skjøtsel av automatisk freda kulturminne

Føremålet med tilskotet er å leggja til rette for skjøtsel av automatisk freda kulturminne, med mål om å halda dei synleg som del av jordbruket si historie gjennom kulturlandskapet. Fylkesrådmannen ser at dette er eit viktig reiskap for å auka fokus på si eiga soge lokalt. Ordninga har likevel fleire uavklarte moment, særleg med omsyn til kva som er gjeldande for lovheimla tiltak på automatisk freda kulturmine og sikringssona. § 14 viser til areal rundt sjølve kulturminnet, noko som lett kan mistydast. For Vestlandet er kulturminnelokalitetane definert ut i frå faktisk storleik. Dette gjev at objekta ein søkjer om er små, gjerne under ein dekar, og det er viktig at ein ser fornminna som ein del av det landskapet dei ligg i.

Fylkesrådmannen har merknader til formuleringa av § 14 i forskrifta, «Skjøtsel av automatisk freda kulturminne»:

- § 14, Andre avsnitt, andre setning: «Tilskotet gjeld for skjøtsel av areal rundt synlege kulturminne (...)».

Dette framstår som ei uklar formulering. I strategidokumentet *Regionalt miljøprogram for Vestland* er formuleringa at sikringssona er med i det arealet som kan få tilskot, altså at både kulturminnet og sikringssona på 5 meter rundt kulturminnet skal ryddast. Formuleringa i forskrifta er lett å forstå som at det berre er sikringssona som skal gjerast skjøtsel på. Formuleringa bør endrast slik at det kjem tydeleg fram at det skal gjerast skjøtsel av både kulturminnet og sikringssona.

I omtalen av § 14 i kap 4.5.2 *Tilskot til skjøtsel av automatisk freda kulturminne* i strategidokumentet vert det vist til skjøtelsråd for skjøtsel av automatisk freda kulturminne. Skjøtelsråda gjev god og dekkande rettleiing for den som skal gjennomføra skjøtelsarbeidet. Fylkesrådmannen er gjort kjend med at informasjon om skjøtelsråd vil verte tilgjengeleggjort for søkjar på fleire måtar.

Skjøtsel av automatisk freda kulturminne er regulert av kulturminnelova, og det er eit krav at arbeidet vert gjort på ein måte som ikkje strid mot lovverket. Velmeint skjøtsel gjennomført på feil måte kan føra til uopprettelege skadar på sårbare kulturminne. Sjølv om formuleringa er «skjøtelsråd» er det difor meir rett å kalla det skjøtelsvilkår for dette tilskotet. For å tydeleggjera dette ser fylkesrådmannen det som teneleg at det vert tatt inn ei formulering i § 14 i forskrifta om at skjøtsel av automatisk freda kulturminne skal gjerast i tråd med godkjente skjøtelsråd for ordninga. Det vert då tydeleg for både søkjar, men òg for kommunen som kontrollmynde, at det er ei sterk regulering av korleis arbeidet kan gjennomførast. Formuleringa av at dette er «råd» er upresist og kan villeia søkjar til å tru at dette er valfritt. Formuleringa er eigna til å skapa mistyding etter som søkjer sjølv må setje seg inn i kulturminnelova i tillegg til Regionalt Miljøprogram for å få full informasjon om lovverket som gjeld for automatisk freda kulturminne.

Framlegg til innstilling:

4. Fylkesutvalet ber om at ordlyden i §14 i forskrifta vert endra slik at det vert tydeleggjort at
 - a) Det skal gjerast skjøtsel av både sjølv kulturminnet og sikringssona
 - b) Skjøtsel skal gjerast i tråd med gjeldande skjøtelsråd

Regionalt Miljøprogram for Vestland 2019-2022

Fylkesrådmannen har følgjande merknader til Regionalt Miljøprogram for Vestland 2019 – 2022.

Merknad til Kap. 4.5.2. Tilskot til skjøtsel av automatisk freda kulturminne - Skjøtelsråd

I kapittel 4.5.2 *Tilskot til skjøtsel av automatisk freda kulturminne* vert det vist til skjøtelsråd for korleis arbeid skal utførast på kulturminna. Som argumentasjonen for kommentarar til § 14 i forskrifta viser er det meir rett å kalla dette for skjøtelsvilkår når det vedkjem automatisk freda kulturminne, ettersom omsynet til desse kulturminna er regulert etter kulturminnelova. Av same grunn finn Fylkesrådmannen det rett at skjøtelsråda inneheld eit punkt som presiserer at regional kulturminneforvaltning kan setje vilkår om skjøtelsplan dersom det vert vurdert som naudsynt for å sikra kulturminneverdiane. Sjølv om dette er heimla i kulturminnelova og gjeld uavhengig av kva som står i Regionalt Miljøprogram, så er det av omsyn til brukar ein fordel at det kjem klårt fram òg i informasjonen i knytt til miljøprogrammet.

Søknad om tilskot vert sendt etter at arbeidet vert utført. Ettersom skjøtsel av kulturminne må gjerast i høve til godkjente råd er det då svært viktig at informasjon om dette er lett tilgjengeleg slik at brukarar vert kjend med føringane før arbeidet vert gjort. Det er viktig å ha fokus på dette ved utforming av rettleiar og anna informasjonsmateriell for ordninga.

Framlegg til innstilling:

5. Fylkesutvalet ber om at følgjande punkt vert lagt til i skjøtelsråda for automatisk freda kulturminne i «Regionalt miljøprogram for Vestland 2019-2022» kap 4.5.2:
 - Kulturminnemynda kan stilla vilkår om skjøtelsplan etter kulturminnelova dersom dette er vurdert som naudsynt for å sikra at skjøtsel ikkje vil skada kulturminneverdiane.
6. Fylkesutvalet ber om at regional kulturminnemynde vert involvert i arbeidet med utforminga av rettleiar og formidling av RMP til brukarar, for å sikra at informasjon om skjøtelsråd for § 14 vert gjort kjent for søkjar før arbeidet vert gjennomført.

Merknad til oppfølging av Regionalt miljøprogram kap 5.

I innspela til nasjonal instruks og Landbruksdirektoraret sine merknader til desse kjem det fram at «Landbruksdirektoratet vil (...) på egnet måte be fylkesmannen å involvere fylkeskommunen ved regional kulturminneforvaltning i arbeidet med utforminga og oppfølginga av miljøprogrammet». I kap 5 i Regionalt Miljøprogram for Vestland er det gjort klart at Miljø- og kulturlandskapsgruppa har ein rådgjevande funksjon for Fylkesmannen når det gjeld arbeidet med oppfølginga av regionalt miljøprogram.

I oppfølginga av programmet er det viktig at regional kulturminnemynde får kjennskap til kva automatisk freda kulturminne det vert gitt tilskot til skjøtsel for. I dag er søkarlistene tilgjengelege for kulturminnemynda, men informasjonen er sortert på gards- og bruksnummer og eigar. Det kan liggja mange kulturminne på eitt bruk, og det er arbeidskrevjande å gå manuelt gjennom søknadene for å avklara kva kulturminne det er snakk om. Alle automatisk freda kulturminne har eit unikt ID-nummer i den nasjonale kulturminnedatabasen *Askeladden*. Desse ID-nummera er tilgjengelege i ei rekkje kartløyningar, mellom anna Gårdskart (<https://gardskart.nibio.no>). Dersom ein ved søknad om tilskot til skjøtsel gjennom § 14 i forskrift for regionalt miljøprogram må fylla inn *Askeladden-ID* for kulturminnet ein søker om, vil dette letta arbeidet for forvaltninga.

Utan at kulturminnemynda får kjennskap til kva kulturminne som vert skjøtta gjennom Regionalt Miljøprogram, vil det vera uråd å sikra informasjonen i den nasjonale kulturminnedatabasen *Askeladden*. Denne skal innehalde oppdatert informasjon om kulturminnet, om mellom anna tilstand for kulturminnet, kor vidt det vert utført jamleg skjøtsel, og liknande. Betre kopling mellom miljøprogrammet og regional kulturminneforvaltning gjennom *Askeladden* vil òg gjera det lettare å gjennomføra kontroll av om tilskotet fungerer etter hensikta over tid. Informasjon om storleik og synlegheit i *Askeladden* vil vera tilgjengeleg og kan nyttast som grunnlag for kontrollen.

Framlegg til innstilling:

7. Fylkesutvalet ber om at Askeladden-ID vert inkludert i søknadsskjema for å sikra at kulturminnevernet sine ansvarsområde vert ivareteke ved tildeling av tilskot.

Regionalt bygdeutviklingsprogram (RBU)

Hordaland fylkeskommune ved Regionalavdelinga har delteke i arbeidet med Regionalt bygdeutviklingsprogram for Fylkesmannen i Vestland 2019-2022. Regionalt bygdeutviklingsprogram (RBU) er samansett av Regionalt næringsprogram (RNP), Regionalt skog- og klimaprogram (RSK) og Regionalt miljøprogram (RMP). Hordaland fylkeskommune ved Regionalavdelinga har vore representert i styringsgruppa til RBU, arbeidsgruppa til RNP, arbeidsgruppa til RSK og arbeidsgruppa til RMP. Faglege innspel, avklaringar og diskusjonar er gjort under utarbeidinga av dokumentet.

Vassforvaltning

Hordaland vassregionmynde har vore involvert med Fylkesmannen i Vestland i arbeidet med ny RMP forskrift når det gjeld vurdering av påverka vassdrag og tilskot til supplerande tiltak i desse områda. Ei rekkje vassdrag i Hordaland er plukka ut og bønder der kan søkja om RMP-tilskot. Det nye no er at RMP gjev aukande midlar til tiltak i forureina vassdrag. Fylkesrådmannen har ikkje noko merknadar å komma med i dette høyringsutkastet når det vedkjem vassdrag, meir enn at vi støttar framlegget.

Kommunen er sektormynde for avrenning frå landbruket og dei fordelar RMP-midlane til bonden. Auka midlar til vassdrag vil gjera det lettare å få i gang nye tiltak og vil vera med på å styrkja arbeidet med å nå miljømåla i gjeldande og kommande vassforvaltingsplan.